

Tilleggsdokument til Styringsdokument 2009

Helse Stavanger HF

(utkast 17.08.09)

1 Innleiing

I brev til Helse Vest RHF datert 7. juli 2009 har Helse- og omsorgsdepartementet gitt nye oppdrag og kome med utdjupingar og presiseringar i tilknytning til oppdragsdokumentet for 2009. Endringane er relatert til behandlinga av St.prp. nr. 67, jf. Innst. S. nr. 355 (2008-2009) der Stortinget vedtok å endre løyvingane til regionale helseføretak for 2009.

Gjennom dette tilleggsdokumentet til styringsdokumentet for 2009 blir dei nye oppdraga og utdjupingane/presiseringane vidareformidla til helseføretaka

2 Nye oppdrag og utdjuping/presisering av styringsdokument for 2009

2.1 Til Styringsdokument pkt 3.1.4 Område med særskilt fokus

Fødselsomsorg.

Oppfølging av St. meld. nr 12 (2008-2009) ”En gledelig begivenhet - om en sammenhengende svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg”.

Det vises til punkt 3.1.4 Område med særskilt fokus - Fødselsomsorg i Styringsdokument 2009 der det kjem fram at ein vil kome tilbake til eventuelle oppdrag til helseføretaka etter Stortingets behandling av Innst. S. nr. 240 (2008-2009), jf. St. melding nr. 12 (2008-2009) ”*En gledelig begivenhet - om en sammenhengende svangerskaps-, fødsels- og Barselomsorg*”.

I innstillinga gikk fleirtalet i helse- og omsorgskomiteen inn for at lokal jordmorteneste framleis skal være eit kommunalt ansvar, og at kommunar/samarbeidande kommunar og helseføretak skal inngå avtalar som sikrar felles utnytting av jordmorressursane.

Helseføretaka skal utarbeide ein fleirårig heilskapleg og lokalt tilpassa plan for fødetilbodet i opptaksområdet saman med dei kommunane det gjeld. Planen skal omfatte svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg. Det skal gjerast avtalar mellom helseføretak og kommunar som sikrar felles utnytting av jordmorressursane og legg til rette for heilskaplege pasientforløp . Avtalane skal omfatte beredskap for følgjeteneste. Noverande tallgrenser for inndeling i tre nivå av fødeinstitusjonar opphevast og erstattast av kvalitetskrav.

Ansvar for følgjeteneste for gravide til fødeinstitusjon vil bli overført til helseføretak frå 1. januar 2010, jf. punktet over om plan for svangerskaps-, fødsels- og barselomsorg.

Tiltak for oppfølging:

- Helseføretaka skal setje i verk tiltak som sikrar informasjon til kvinner om høve til val av fødestad, og kvinners rett til informasjon, rettleiing og medbestemming når det gjeld keisarsnitt, igangsetting av fødsel og smertelindring.
- Helseføretaka skal innan 1. juli 2010 utarbeide plan for svangerskaps-, fødsels og

barselomsorg saman med dei aktuelle kommunar.

- Helseføretaka må bidra med representantar til Helsedirektoratet sitt arbeid med utarbeiding av kvalitetskrav for fødeinstitusjonar og etablering av system som sikrar at kvalitetskrav følgjes opp.

Barn som pårørande

Det vises til punkt 3.1.4 Område med særskilt fokus - *Barn som pårørande* i oppdragsdokument til helseføretaka for 2009, der det kjem fram at det vil bli lagt fram eit lovforslag for Stortinget våren 2009 om barn som pårørande. Stortinget vedtok i juni 2009 forslaga i Ot. prp nr 84 (2008-2009) ”*Om endringar i helsepersonelloven m. m. (oppfølging av born som pårørande)*”. Lovendringa inneber plikt for helsepersonell til å bidra til å ivareta mindreårige barn som pårørande, og plikt for helseinstitusjonar til å ha barneansvarleg personell i nødvendig utstrekning. Departementet tar sikte på at loven trer i kraft 1. januar 2010. Det vil bli utarbeida rettleiar/rundskriv, informasjon retta til barn og halde regionale konferansar hausten 2009.

Organdonasjon

Det visast til rundskriv 1-6/2008: ”*Uttak av hornhinner for transplantasjon skal ikkje sjåast som eit såkalla "mindre inngrep " etter transplantasjonslova § 6. Dette inneber at slike uttak skal skje i samsvar med lovas ordning, mellom anna at dei nærmaste til den avlidne skal informerast og gis anledning til å motsette seg dette. " I styringsdokumenta til helseføretaka for 2009 er det presisert at verksemda knytt til donasjon av hornhinner skal organiserast åtskilt frå anna organdonasjon.*

Helsedirektoratet vil i samarbeid med Stiftelsen Organdonasjon og Noregs Blindeforbund kartlegge folkesetnaden si holdning til organdonasjon og hornhinnedonasjon. Kartlegginga skal danne grunnlag for korleis informasjon til folkesetnaden om hornhinnedonasjon skal organiserast. Helsedirektoratet er gitt i oppdrag å etablere system for opplæring/kompetanseheving av helsepersonell i spørsmål om hornhinnedonasjon.

Tiltak for oppfølging:

- Helseføretaka skal etablere eigne rutinar for å innhente samtykke til hornhinnedonasjon i samarbeid med Helsedirektoratet. Det er et mål at sjukehusa er sjølvforsynte med hornhinner innan kort tid.

2.2 Helsepersonellens opplysningspliktar ved mulig mistanke om at barn er utsett for straffbare handlingar og informasjon til foreldre om helsetenesta sitt tilbod om undersøking av dødsstaden.

Tiltak for oppfølging:

- Helseføretaka skal følgje opp helsepersonells opplysningsplikter ved mogleg mistanke om at barn er utsett for straffbare handlingar. Det synast dessutan til helsepersonelloven §§ 32 og 33 om opplysningsplikt til sosialtenesta og barnevernet.

- Ved plutselig og uventet barnedød skal helseføretaka informere foreldre om helsetenestens tilbud om undersøkning av dødsstaden. Dersom foreldre samtykker skal helseføretaket informere /kontakte Folkehelseinstituttet, som ansvarlig for ordningen. Det skal først i barnets journal at foreldre er informert og om de ønsker å ta imot tilbudet. Det vises til Budsjett-innst. S nr. 11 (2008-2009) og St.prp. nr. 67 (2008-2009) kap. 700 post 01 kor dette er omtalt nærmere.

2.3 Informasjon til helseføretaka - nytt radiologisk kodeverk som omfattar polikliniske og innlagte pasientar

Det vises til oppdragsdokumentet for 2009 der det kjem fram at det tas sikte på å innføre et nytt radiologisk kodeverk frå 2010.

Helsedirektoratet har utarbeida eit nytt radiologisk kodeverk, som kan omfatte både polikliniske og innlagte pasientar. Det arbeidast nå særleg med kostnadsdokumentasjon av radiologiske tenester. Dette arbeidet har vist seg å være meir omfattande enn antatt. Vidare må arbeidet koordinerast mot pågåande modernisering av rapportering. På denne bakgrunn utsettes innføringa av kodeverket til 1. januar 2011. Kodeverket vil være tilgjengeleg frå 1. oktober 2009 for bruk i EPJ eller som grunnlag for avtalar med private. Det vil ikkje stilles nasjonale krav om registrering med nye koder i 2009.

3 Rapportering

Det skal i årleg melding for 2009 rapporterast på

- Pkt 2.1 Fødselsomsorg
- Pkt 2.1 Organdonasjon
- Pkt 2.2 Helsepersonellens opplysningsplikt ved mulig mistanke om at barn er utsett for straffbare handlingar og informasjon til foreldre om helsetenestens tilbud om undersøkning på dødsstaden.